

## Rådmannsmøte torsdag 8. april 2021 kl. 13.00 – 15.30 i kommunestyresalen i Kviteseid

Desse møtte:

Jan Myrekrok, Vinje  
Frid Berge, Seljord  
Øystein Tveit, Kviteseid  
Une Marit Tangen, Fyresdal  
Sverre Sæter, Nissedal  
John Kleiv, Tokke  
Anne Aasmundtveit, Vest-Telemarkrådet

### **På teams**

Kl. 13.00 – 14.00

Gerd Kari Skaalen, NAV leiar  
Berit Valhovd, gjeldsrådgjevar hjå Seljord kommune på vegne av Vest-Telemarkkommunane  
Kl. 14.00-14.40

Kari Gro Espeland, samhandlingskoordinator  
Anne Guro Hommo, prosjektleiar for velferdsteknologi

### **Møte med NAV**

#### Gjeldsrådgjeving

- Viser til tidligare utsendt notat. Ynskje om å auke ressurs på gjeldsrådgjevaren. Dagens ressurs er på 60%. Arbeidspresset er stort og eit behov for å auke stillingsressursen. Det er fleire brukarar. Har auka jamnt og trutt, men korona har ført til ein krisesituasjon.
- Lindorff fylgjer godt med. Det som er varsla er at det blir store postkorona-konsekvensar. Det kjem tid å ta tid til å få folk inn i andre jobbar.
- Veldig stort behov for mange personar med gjeld å snakke med fagfolk om økonomi.
- Det ideelle er ei 100% stilling i tillegg til den 60% eksisterande. Innspelet gjeld frå budsjett 2022.
- Gjeldsrådgjevaren jobbar i NAV systemet sjølv om ho er kommunalt tilsett i Seljord. Men det er ei communal teneste og bør bli utanfor NAVsystemet.

#### Drøfting i møtet:

- Må sjå ein samanheng med drift av NAV.
- Usikker på stort ein skal dimensjonerer problemet
- Kan ein få finansiert noko av dette gjennom statlege koronomidlar slik at ein kan imøtekome utfordringane på kort sikt, gjennom t.d. kjøp av tenester.

Konklusjon: Følgje opp innspelet frå gjeldsrådgjevar og NAV vidare. Ein må finne ut av korleis ein kan løyse 2021, så får 2022 vente til budsjettarbeidet tek til.  
Spela inn problemstillinga til statsforvaltaren.

- Frid tar kontakt med statsforvalteren.

Rådmann i Tokke, kst rådmann i Seljord og NAVleiar må gå i dialog og avklare arbeidsgjevaransvaret (som i dag ligg hos Seljord, men blir i praksis utøvd av NAV)

## **Fordelingsmodell økonomi – NAV**

John presenterte fordelingsmodellen.

Modellen må bli politisk behandla. John skriv saksframleggget.

## **Høyring – NOU 2019: 7 Arbeid og inntektssikring og NOU 2021: 2 Kompetanse, aktivitet og inntektssikring – felles uttale?**

Høyringsfrist er uti juni.

Felles uttale frå rådet. Leggast fram i rådsmøtet 18. mai 2021.

Arbeidsform:

- Johannes og/eller Anne inviterar Gerd Kari til teamsmøte for oppstart
- Vest-Telemarkrådet opprettar ei felles fil i teams som rådmennane kan legge inn sine argument/synspunkt

## **Status for velferdsteknologiprosjektet**

Statusoppdatering ved Kari Gro Espeland og Anne Guro Hommo.

- Velferdsteknologiprosjektet er snart slutt. Prosjektleiar går ut av prosjektet i børjinga av juni 2021.
- Minikurs i velferdsteknologi for alle tilsette. Velferdsteknologi ABC. Det er laga ein film, blir lagt ut på Youtube og sendt over til KS med tanke på at andre kommunar kan bruke den.
- Vurdering av personverkonsekvensar med hjelp frå Telemark Alarmsentral
- Gjennomgang av rutine på medisineringsstøtte
- Kommunevise aktivitetar er ulike ut i frå ulikt behov. Sjå vedlagte presentasjon for meir detaljar.

På spørsmål frå rådmennane om kva kommunane bør jobbe vidare med no:

E-helse, elektronisk medisineringsstøtte, nasjonalt satsast det på velferdsteknologi for barn og unge, eigenmålingar som brukarane kan gjere heime, mobil tryggleiksalar, GPS,

Kommunane ser at det er ein verdi er gjera dette saman og ynskjer å halde fram med det. Prosjektet har uansett lagt eit godt utgangspunkt for at kommunane kan jobbe vidare på eigen hand.

Kari Gro presenterte ideen om å gå saman om eit innovasjonsprosjekt der ein koplar helse og næring. Er det mogleg å få til eit praktisknært prosjekt der ein m.a. fokuserar på å rekruttere kompetanse. Kanskje Peter Hjallum og Etty Nilsen bli invitert til RU eller VTR

## **Digiorden og opplæring**

Telemark Kompetanse ved Erling Rønneklev tilbyr opplæring 1 dag per kommune på teams.

Kommunar kan slå seg saman dersom dei blir 10-15 personar. Pris kr. 18.000,- per dag, kan finansierast av unytta prosjektmidlar på digitalisering.

Oppstart 1 time med leiargruppa. Dei som må bli med heile dagen er systemansvarlege, IT-nykjelpersonar og personvernombodet for opplæring i verktykassa.

Anne skaffar eit program, kven som skal delta på kva og kva skal dei lære. Introduksjon til Digiorden. Tilbodet går ut til alle.

## **Ymist**

### **Utlysing digitaliseringskoordinator/velferdsteknologi**

- Utlysast snarast-Anne sender ut forslag til lysingstekst innan onsdag 14. april
- Kven er i tilsettingsutval?
- Tittel på stilling
- Bør stillinga bli lyst ut som 2-årig prosjekt pga skjønnsmidlar - fast frå 1. juli 2023

Anne avklarar med Mats Willumsen om 2-årig prosjekt er nødvendig.  
Jan og Anne utgjer tilsettingsutval.

### **Høyringsuttal – omorganisering av Sivil rettspleie hos Politiet SørØSt**

Spørsmål frå Frid om det er andre som skriv uttale.

Jan har starta på eit utkast til uttale. Han refererte til hovudpunkt i si uttale.

Jan sender si uttale på epost til dei andre i rådmennene.

### **Psykolog**

Kst. rådmann i Seljord orienterte om at det ikkje vert sett inn vikar for den eine psykologen som skal ut i 10 mnd svangerskapsvikariat.

### **Dato for neste RU: 7-8 juni lunsj til lunsj**

Anne sjekkar Lien i Svartdal

**Rådmennene takka avtroppande rådmann i Tokke, John Kleiv, for godt samarbeid!**